

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|----------|------------|
| Aina Isdal Haugland | FE - 252 | 14/955 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|------------------|------|------------|
| 008/2014 | Kraftfondsstyret | PS | 09.09.2014 |
| 047/2014 | Kommunestyret | PS | 18.09.2014 |

Søknad om lån til trakkemaskin i Stordalen

Vedlegg:

Søknad Kraftfondet Stordalen Skisenter trakkemaskin
Søknad om lån i kraftfondet til Trakkemaskin i Stordalen Skisenter
SSS Årsm revisjonsmelding 2013
SSS Årsm regnsk trans 26.5.14 sign2
SSS 12 Årsmelding og regnskap 12 sign
SSS Revisjonsberetning 2012
SSS Bekreftelse av årsregnskapet 2011 signert 9.5.12
protokoll og sakspapir etter generalforsamling SSS 2012
Budsjett 2014
Arenareklame Stordalen Skisenter til trakkemaskin 2014
Søknad Kraftfondet sign - Stordalen Skisenter trakkemaskin

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kraftfondet støttar Stordalen Skisenter AS med å gje lån på kr 200 000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
4. Stordalen Skisenter AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg til lånet er nedbetalt.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stordalen Skisenter AS har sidan 2007 vore drive på dugnad gjennom Bjørn West IL. Bjørn West IL og Masfjorden kommune eig 50% kvar. Dei kjøpte ei brukt trakkemaskin til opninga i 2007. Grunna mange reparasjonar ønskjer dei no å investere i ei ny maskin for å gjere skisenteret meir driftssikkert, samt tryggare i bruk under vanskelege forhold. Talet på besøkjande har vore jamt stigande sidan starten.

Vurdering

Heimel §2 i Kraftfondet. Stordalen Skisenter AS er ein del av utviklinga som skjer innan reiseliv og aktivitetstilbod i Stordalen og dei tek siktemål på å styrkje området som det viktigaste utfartsområdet i regionen. Tenester og aktivitetstilbod er eit viktig grunnlag for Masfjorden både som bu og fritidskommune. Vidareutvikling av Stordalen som regionalt reiselivsområde er òg med som eit tiltak i strategisk næringsplan.

Uttale

Høyring

Fakta

Investering trakkemaskin kr 1.125.000.

Eigenkapital kr 400.000. Sparebanken Vest kr 525.000. Kraftfondet kr 200.000.

Konklusjon

1. Kraftfondet støttar Stordalen Skisenter AS med å gje lån på kr 200.000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
4. Stordalen Skisenter AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg til til lånet er nedbetalt.

Kraftfondsstyret - 008/2014

KF - behandling:

KF - vedtak:

1. Kraftfondet støttar Stordalen Skisenter AS med å gje lån på kr 200 000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
4. Stordalen Skisenter AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg til til lånet er nedbetalt.

Kommunestyret - 047/2014

KS - behandling:

I denne saka var det 16 kommunestyremedlemmer tilstade.

Bjørn Egil Nordland, A, stiller spørsmål til kommunestyret om han er ugild i saka, han er valdt inn i styret i Stordalen Skisenter AS av kommunestyret.

Det vart røysta:

Bjørn Egil Nordland vart erklert gild mot ei røyst (Frp)

Ordførararen orienterte om saka.

Røysting:

Kraftfondsstyret si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. **Kraftfondet støttar Stordalen Skisenter AS med å gje lån på kr 200 000.**
2. **Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søker.**
3. **Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.**
4. **Stordalen Skisenter AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg til til lånet er nedbetalt.**